



Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland
v/leiar Mathias Råheim

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Askedalen 2

6863 Leikanger

10.09.2014

Innspel i samband med rutekjøp ved ny anbudsrunde i Sør Noreg frå 1. april 2016 – Førde Lufthamn, Bringeland.

Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland er eit utval som vart etablert av Gaular og Førde kommune i januar 2004. Interesseutvalet skal arbeide med å styrkje flyplassen på Bringeland, noko som skal legge grunnlag for auka trafikk. Dei seinare åra er utvalet blitt utvida til også å omfatte kommunane Jølster, Naustdal, Høyanger, Askvoll, Hyllestad, Fjaler og Balestrand. Det at ordførarane i desse kommunane sit i utvalet syner kor viktig flyplassen er for heile denne regionen.

Førde Lufthamn, Bringeland har eit stort omland og er hovudflyplassen for fritidsreisande og næringsliv i desse 9 kommunane med eit befolkningsgrunnlag på godt over 30.000 personar. I tillegg blir lufthamna nytta til ambulanse-, skule og privattrafikk, samt at helikopterselskapet Airlift AS har hatt hovudbasen sin her sidan 1988.

Dersom vi skal ha eit næringsliv og reiseliv i utvikling og oppretthalde busetnaden i regionen, er det viktig at vi har ein godt fungerande flyplass med tenlege ruteopplegg til konkurransedyktige prisar.

Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland har drøfta rutetilbodet i møte 24. mars og 9. september 2014 og ønskjer å komme med følgjande krav i høve ny anbudsrunde for rutekjøp på lufthamna frå 1. april 2016.

Kommersiell drift av Førde Lufthamn, Bringeland

Næringsverksemdar, offentlege verksemdar og private reisande i distrikta er avhengige av lokale lufthamner som t.d. Førde Lufthamn, Bringeland. Kjøp av nødvendige flyreiser er her ein stor kostnadsfaktor og verkar særleg sterkt inn på konkurranseforholda til dei private bedriftene. Ei kommersialisering av flyrutetilbodet mellom Oslo og Førde, med ein anslått auke i billettprisen på 15 – 30 %, vil sterkt forverre konkurransesituasjonen til desse bedriftene. I tillegg vil det svekke grunnlaget for drift og etablering av nye offentlege organ og etatar i distriktet. Kommersialiseringa vil og, som TØI-rapporten syner (rapport etter oppdrag frå Samferdsledepartementet), kunne føre til reduksjon i tal flygingar, noko som vil forverre situasjonen ytterlegare. Vidare syner TØI-rapporten at ei kommersialisering av flyrutetilbodet vil føre til nedlegging av flyrutene til og frå Bergen.

Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland vil sterkt gå i mot å kommersialisere flyrutetilbudet på Førde Lufthamn, Bringeland, då dette vil verke svært negativt inn på næring og sysselsetjing i dei 9 brukarkommunane til lufthamna. På bakgrunn av innspel frå brukarane har interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland vedteke å fremje vedlagte forslag til rutestruktur for lufthamna, nettopp for å styrkje grunnlaget for næring, sysselsetjing og dermed også busetjing i dei 9 brukarkommunane til Førde Lufthamn, Bringeland.

Krav til rutetilbod Førde – Oslo, Oslo - Førde

Krava gjeld januar til juni og august til desember. I juli gjeld berre krav til setekapasitet, herunder eit minste setetal som ikkje er lågare enn 80 % av minimumsnivåa som er spesifiserte nedanfor.

Heile året gjeld dagleg trafikkplikt i begge retningar.

Flygingar:

- Minst fem daglege tur-retur flygingar måndag til fredag, minst to tur-retur flygingar laurdagar og minst 5 tur-retur flygingar søndagar samla.

Setekapasitet:

- I begge retningar skal det verte tilbydd minst 1090 seter kvar veg måndag til fredag, herunder minst 78 seter kvar veg laurdagar og minst 180 seter kvar veg søndagar.

Ruteføring:

- Dei påkravde flygingane skal vere utan mellomlanding mellom Førde og Oslo, dette gjeld begge vegar.

Rutetider:

- Det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser. For dei påkravde flygingane gjeld dessutan måndag til fredag (lokale tider):
- Første landing i Oslo skal vere seinast kl. 08:00 og siste avgang frå Oslo tidlegast kl. 21:00.
- Første avgang frå Oslo skal vere seinast kl. 08:30 og siste avgang frå Førde tidlegast kl. 19:30.
- Flyrutetidene som er i dag til Oslo på føremiddagen er tilpassa behovet til næringslivet og skal vidareførast, dette vil seie avgangar til Oslo ca. kl. 06:30 og 09:15, og retur frå Oslo ca. kl. 08:00. Rutetider som er på ettermiddagar i dag er og godt tilpassa behovet og skal vidareførast. Kapasitet utover dagens krav må setjast inn frå Førde rundt kl. 19:00 og frå Oslo rundt kl. 20:00.
- Flyrutetider laurdagar skal vere som i dag.
- Flyrutetider søndagar skal tilpassast etterspørselen, både avgangs- og ankomsttider, Førde og Oslo, skal fordelast jamt mellom kl. 12:00 og kl. 23:00.

Krav til rutetilbod Førde–Bergen, Bergen - Førde

Krava gjeld januar til juni og august til desember. I juli gjeld berre krav til setekapasitet, med eit minste setetal som ikkje er lågare enn 80 % av minimumsnivåa som er spesifiserte nedanfor.

Heile året gjeld dagleg trafikkplikt i begge retningar.

Flygingar:

- Minst to daglege tur-retur flygingar måndag til fredag og minst ei tur-retur flyging laurdagar og minst ei tur-retur flyging søndagar.

Setekapasitet:

- I begge retningar skal det tilbydast minst 300 sete kvar veg måndag til fredag og minst 78 seter kvar veg laurdagar til søndagar samla.

Ruteføring:

- Dei påkravde flygingane skal vere utan mellomlanding mellom Førde og Bergen, dette gjeld begge vegar.

Rutetider:

- Det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser.
- For dei påkravde flygingane gjeld dessutan måndag til fredag (lokale tider):
- Første landing i Bergen skal vere seinast kl. 09:00 og siste avgang frå Bergen tidlegast kl. 17:00.
- Første avgang frå Bergen skal vere seinast kl. 10:30 og siste avgang frå Førde mellom kl. 17:00 og 18:30

Kategori luftfartøy


- Fly registrert for minst 30 passasjerar og med trykkabin skal nyttast på dei påkravde flygingane.
- Fly må kunne nytte satelittbasert innflygingssystem.
- Flyselskap må tilby flymateriell som er godkjent for landing og avgang på 800- meters rullebaner.
- Flyselskap skal nytte mannskap som har erfaring frå, og får opplæring i vinteroperasjonar på norske lokale lufthamner.

Tidstabell for flyavgangar

Det er avgjerande at tidstabellen for flyrutene til Oslo og Bergen er tilpassa forretningstrafikken til/frå Førde Lufthamn, Bringeland med føremålstenlege avgangstider. Dette for at forretningsreisande og andre brukarar skal ha moglegheit til å reise ut/returnere innanfor ein akseptabel tidshorisont. Nedgangen i passasjeretalet på flyrutene til Bergen skuldast dårleg tilpassa flyrutetider til/frå Førde Lufthamn, Bringeland. Vidare er det også svært viktig at flyrutene til Bergen er tilpassa flygingar vidare til/frå andre destinasjonar. Spesielt til Stavanger, men og til Haugesund, Sandefjord, Kristiansand og Trondheim.

Med venleg helsing

Interesseutvalet for Førde Lufthamn, Bringeland



Mathias Råheim

-Leiar-